

Mattilsynet
Vitskapskomiteen for mattryggleik
Helse- og omsorgsdepartementet

Vår ref.: 2016/25

Dykkar ref.:

Dato: 18.5.2016

Sprøytemiddelrestar i mat og fôr frå genmodifiserte plantar

Dyrking av plantar som er genmodifiserte slik at dei toler visse sprøytemiddel, har gjort at dyrkingspraksisen har endra seg, slik at det blir større fare for restar av sprøytemidla i mat og fôr. Bioteknologirådet oppmodar Mattilsynet om å gi Vitskapskomiteen for mattryggleik (VKM) i oppdrag å ta omsyn til dette når VKM vurderer helserisiko ved sprøytemiddelresistente, genmodifiserte plantar. Rådet oppmodar òg Mattilsynet og VKM om å arbeide for at EFSA, mattryggingorganet i EU, skal gjere det same. I dag har ingen av organa som gjer vitskaplege risikovurderingar, fått ansvaret for dette.

Plantar som er genmodifiserte til å tole visse sprøytemiddel, til dømes glyfosat, kan sprøytast under heile vekstsesongen utan at dei tek skade, og kan dermed sprøytast nærare innhaustinga. Plantane tek opp i seg glyfosat. Ikkje-genmodifiserte vekstar vil døy når dei blir sprøyta med glyfosat, og ein må derfor sprøyte før eller etter vekstsesongen. Slik VKM har framheva, er det på grunn av endringane i dyrkingspraksis som desse plantane fører med seg, fare for at det er meir sprøytemiddelrestar i mat og fôr frå dei.¹

Glyfosatresistente plantar utgjer åtti prosent av arealet som blir dyrka med genmodifiserte vekstar i verda i dag. Det finst likevel lite data på glyfosatrestar i mat og fôr.² Ein studie frå 2014 synte at det var meir sprøytemiddelrestar i den genmodifiserte glyfosatresistente soyaen som vart undersøkt, enn i den ikkje-genmodifiserte soyaen.³

VKM peikar òg på at det er kunnskapsmangel når det gjeld sprøytemiddelrestar i vekstar som er genmodifiserte til å tole sprøytemiddel. Det trengst ifølgje VKM meir forskning for å fastslå om genmodifiseringa påverkar nedbrytinga av sprøytemiddelet som plantane er resistente mot, eller nedbrytinga av andre sprøytemiddel, og om det

¹ VKM Report 2014: 16 Final health and environmental risk assessment of genetically modified soybean 40-3-2 www.vkm.no/dav/931f4bda0b.pdf, s. 78

² Cuhra M (2015) Review of GMO safety assessment studies: glyphosate residues in Roundup Ready crops is an ignored issue. *Environmental Sciences Europe* 27:20. Aarhus universitet DCA Nationalt center for fødevarer og jordbrug (2014) Vedrørende Fodring af husdyr med produkter fra genmodificeret soja. http://dca.au.dk/fileadmin/DJF/DCA/Notat_om_GM_foder_til_husdyr_20140204.pdf

³ Bøhn T, Cuhra M, Traavik T, Sanden M, Fagan J, Primicerio R (2014): Compositional differences in soybeans on the market: Glyphosate accumulates in Roundup Ready soybeans. *Food Chemistry* 153: 207–215.

kan gjere at planten blir meir eller mindre giftig for menneske, husdyr eller andre organismar.

Genmodifiserte plantar som er resistente mot glufosinat-ammonium, som er forbode i Noreg på grunn av helse- og miljøfare, blir òg dyrka. Som eit svar på problemet med resistant ugras er det òg utvikla genmodifiserte plantar som er resistente mot sprøytemiddel med verkestoffa dicamba og 2,4-D.

I tillegg til den aktive ingrediensen inneheld sprøytemidla tilsetjingsstoff som òg kan vere skadelege, noko det trengst meir kunnskap om.⁴

Eit anna viktig moment for risikovurderinga, er at det må vere eit krav at alle studiar av sprøytemiddelresistente plantar er gjorde med plantar som har vore sprøyta med det sprøytemiddelet dei er genmodifiserte for å tole. Det er ofte ikkje gjort, sjølv om EFSA no tilrår det i sine retningslinjer.

For å kunne konkludere om helse- og miljørisiko må ein vurdere det produktet som dyr og menneske faktisk skal konsumere. VKM og EFSA er organa som er ansvarlege for vitenskaplege vurderingar av helse- og miljørisiko ved genmodifiserte organismar i Noreg og EU. Dei bør derfor ha til oppgåve å vurdere risikoen utfrå endringar i planten som skuldast genmodifiseringa og den endra dyrkingspraksisen som desse plantane er laga for.

Med helsing

Kristin Halvorsen
leiar

Audrun Utskarpen
fungerande direktør

⁴ EFSA (2015) Request for the evaluation of the toxicological assessment of the co-formulant POE-tallowamine. www.efsa.europa.eu/sites/default/files/scientific_output/files/main_documents/4303.pdf. Surgan M, Madison C, Cox C (2010) Pesticide Risk Indicators: Unidentified Inert Ingredients Compromise Their Integrity and Utility. Environmental Management 45:834–841.